

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FE-033	17/967

Saknr	Utval	Type	Dato
087/2021	Formannskapet	PS	18.10.2021
054/2021	Kommunestyret	PS	28.10.2021

## Framlegg til revisjon vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd endra 2021

#### Dato

11.10.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sitjande ungdomsråd vart konstituert 22.03.19. Vedtektene for Ungdomsrådet i Masfjorden har vorte evaluert av rådet, etter at dei no har site i to år. Under punktet overgangsordning i vedtektene står det at valperioden er sett til 2023. Dette ser ein vert for lenge. Ein ønsker at sitjande råd har sitt siste offisielle møte i april 2021 og at medlemmane sit til nytt råd er på plass.

Ut frå erfaringar ser ein at det kan vera gunstig at medlemmane vert veld for eit år. Dette fordi det skjer raske endringar i dei unge sitt liv, med skulegang, flytting på hybel etc. På grunn av Covid-19 har ein del av møta vore organisert på Teams. Ein ser at dette kan vera ei gunstig plattform for møta, fordi fleire då har høve til å delta utan for mykje skulefråvær og utan transportutfordringar. Fysiske møter er viktig ved opplæring etc. dersom det let seg gjera. Det er viktig at rådet er samansett av representantar frå dei tre oppvekstområda, at det vert gjort val av representantar på alle dei tre skulane, og at der er medlemmer mellom 16 og 19 år.

### Konklusjon

Det er gjort ei lita endring på ordlyden i vedtektene som omhandlar tal medlemmer i Ungdomsrådet.

### **Formannskapet - 087/2021**

#### **FS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Vedtektene for Masfjorden Ungdomsråd vert endra slik dei ligg ved.

### **Kommunestyret - 054/2021**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Vedtektene for Masfjorden Ungdomsråd vert endra slik dei ligg ved.